



## Bytter ut stort rør gjennom fylkesvegen på Bruhagen

Møre og Romsdal fylkeskommune skal bytte ut et rusta, stort stålrør som går igjennom fv. 64 på Bruhagen i Averøy kommune. Røret er tre meter på det breiaste og ligg i eit område med kvikkleire. Det er difor eit omfattande arbeid som startar denne veka.

Prosjektet startar med å flytte/legge om rør og kablar som ligg i grunnen. Det må også byggast midlertidig veg, slik at dei slik dei rundt 4100 køyretøya som passerer her kvar dag kan køyre tilnærma som normalt i byggetida.

### Trafikk

- Det skal i hovudsak vere to køyrefelt forbi i heile anleggsperioden. Det vil bli endringar i køyremønsteret undervegs. Det vil bli tydeleg skilta. Det kan også bli stengt i korte periodar.
- Gang- og sykkelvegen langs fylkesvegen vil bli stengt i anleggsperioden. Alternativ rute for dei som går og sykklar, blir skilta gjennom sentrumsområdet.
- Busshaldeplassen ved Bruhagen sentrumsbygg blir stengt, fordi arealet trengs til å bygge midlertidig veg. Næraste busshaldeplass på denne sida er bak ABC-senteret.
- I samråd med Averøy kommune, blir Straumsvågveien stengt i heile anleggsperioden.

- Det er mange store maskiner som skal jobbe på liten plass. Det er viktig at trafikantar og publikum er merksame på endringar i køyremønster og at dei som går og sykklar ikkje går i køyrevegen, men nyttar alternativ gang- og sykkelveg. Da kjem alle seg trygt fram, seier byggeleiar Morten Ugelstad i Møre og Romsdal fylkeskommune.

### Krevande grunnforhold

Det må spuntast for å stabilisere grunnen rundt byggegropa. Spuntveggar består av stålprofilar som blir slått ned i bakken og fungerer som ein støttemur mot byggegropa. Dette arbeidet er planlagt starta nest siste veka i juni. Det fører med seg ein del støy og det blir berre spunta på kvardagar mellom kl. 08 og 15.30, i om lag to veker.

### Ferdig i september

Når spuntveggane er på plass, kan gravinga starte. Når det nye røret skal ned, må arbeidstidene tilpassast flo og fjøre. Om det blir arbeid på kveld/natt, vil dette bli varsla til naboane med SMS. Heile prosjektet skal vere ferdig i september.

### Kontaktperson i Møre og Romsdal fylkeskommune:

Byggeleiar Morten Ugelstad, telefon 930 98 644